

Kyrkjemøtet, Kristiansand, 4.april 2014

FRI TIL Å TALE, TRU OG TENE

Foredrag av Olav Fykse Tveit, generalsekretær Kirkenes verdensråd

TAKK

Kjære Kyrkjemøte, kjære systre og brør i Kristus! Det er ei stor ære å bli beden om å tale her i samband med at Noreg feirar at Grunnlova er 200 år. Dette er ein milepæl utanom det vanlege som nasjon og som Den norske kyrkja.

Det er også ei spesiell glede å vere her som representant for Kirkenes verdensråd (KV), det verdsvide fellesskapet som Den norske kyrkja høyrer til i sidan 1948. KV har mykje å takke Den norske kyrkja for. Det gjeld også Kirkens Nødhjelp, Norges Kristne Råd, og andre aktørar i det kyrkjelege landskapet her i Noreg, og også den norske stat. På ulike måtar har Noreg brukt sin fridom og sine ressursar til å støtte andre, også gjennom KV, i kamp for fridom og fred gjennom mange år.

Vi har nettopp hatt den 10. generalforsamlinga for KV, i Busan, Korea, november 2013. Temaet : «*Livets Gud, lei oss til rettferd og fred*», førte oss langt inn i dagens tema om Gudstru og fridom. I vekene føreåt besøkte eg både Nord- og Sør-Korea, og forsto meir korleis det er å leve i eit delt land der dette er spørsmål om liv og død. Å arbeide for at kyrkja er eitt, for einskap mellom menneska, og for å vere eitt med skaparverket, er uløyseleg samanbunde. Alt handlar om det fellesskap livets Gud har skapt oss til.

KV tilbyr den beste måten kristenheita kan møtast på for å saman drøfte kva det er å følgje Jesus i dag. Slik summerte Justin Welby, erkebiskopen av Canterbury, det heile i eit brev til meg etterpå.

Den norske kyrkja hadde ein svært dugande og aktiv delegasjon med preses Helga Haugland Byfuglien i spissen, godt førebudd og støtta av MKRs stab, leia av generalsekretær Berit Hagen Agøy, saman med fleire andre rådgjeverarar og observatørar på Generalforsamlinga.

La meg også få nytte dette høvet til å uttrykkje ein personleg og varm takk for støtte og forbøn for det økumeniske arbeidet vi står i. Eg håpar at de held fram med å be, også for meg og mi teneste.

Mest av alt er det grunn til å uttrykkje takk til Gud for tenesta vi får stå i som del av fellesskapet i Kirkenes verdensråd.

1. FRI - eit sterkt og krevjande ord for nasjon, folk, og kyrkje

Fri.

Det er eit sterkt ord. Det kan vere ordet som heldt eit menneske, ei folkegruppe eller ein nasjon oppe. Frigjering handlar om endring og fellesskap, om dynamikk og solidaritet: «We shall overcome»!

Fri er ordet som gjev håp om at ein kan få vere det ein er - i eit fredeleg og meiningsfullt samspel med andre. Det er mykje meir enn eit prinsipp om at eg gjer som eg vil. Utan fridom vert fellesskap undertrykkjande, ein hindrar vekst og utvikling. For at det skal vere fridom må det vere relasjonar som er friviljuge, rettferdige og gjensidig ansvarlege.

For å vere fri no må ein kome til rette med både fortid og framtid. Noko må leggjast bak oss. Noko må opnast for framtida.

Kyrkjebygga i mange bygder langs norskekysten har eit skip hengande i taket. KV har eit skip med ein kross som logo. Å vere kyrkje handlar om fridom til å finne leia vidare saman, vi er i same båt. Det er vel noko slikt vi drøymer om når vi tek opp temaet: Fri til å tale, tru og tene.

Luther har fanga opp dette samspelet mellom fridom og fellesskap på ein genial måte. Det kristne mennesket er eit fritt menneske, ingen andre menneske underlagt og samstundes ein tenar for alle. Betre kan det knapt seiast.

For 200 år sidan oppdaga nordmenn - i alle fall ein viss elite - at ein kunne verte «frei». Det vart på kort tid mogeleg å få til ei eiga norsk grunnlov og eit norsk storting, ein ny rettsstat, ei ny og meir tilrekneleg statsmakt, bygd på folkets makt, folkesuvereniteten. «Fri» har vore eit sterkt ord i periodar av dei 200 åra sidan. Stundom har det samla oss, i naud, uro og krig, aller mest når ein visste kva fridom ein ikkje hadde. «I dag står flaggstangen naken bant Eidsvolls grønnende trær, men nettopp i denne timen vet vi hva frihet er.» (Nordahl Grieg: «17. mai 1940») Noreg er i dag ein fri og rik nasjon i fredeleg samliv med andre land. Det er både fint og gjevt å vere norsk i internasjonal teneste, og kome frå ein nasjon som vert rekna som ein av dei beste og mest trufaste støttespelarar når andre slit med ufridom på grunn av konfliktar, fattigdom og urett.

Dette 200-årsjubileet kan nok hjelpe oss til å sjå verdien i den fridomen vi har, og kor stor del av verda som faktisk ikkje kan ta dette for gitt. For 1814 skapte heller ikkje fridom for alle. Kyrkja og hennar embetsmenn si rolle i 1814 var vel også noko tvetydig. Berre 25% av vaksne i Noreg kunne delta i politiske val i åra etter 1814. Trass i ei liberal grunnlov, måtte samar og andre nasjonale minoritar vente lenge, lenge for å få sine rettar grunnlovsfesta, frie til å vere seg sjølve med sitt eige språk og kultur. Det var store grupper som ikkje fekk ta likeverdig del i borgarrettane og ansvaret for landet (fattigfolk i byane, husmenn og kvinner). Det var nokre som endå til ikkje skulle ha adgang til riket (jødar og jesuittar). Norske lover forboud lenge det som vart kalla «dissentalar» til å tru og samlast som dei ville, norske lover forboud kjærleg samliv mellom homofile og lesbiske. Norske lover og styresmakter tillot overgrep og diskriminering mot store grupper av menneske og einskildmenneske, la oss nemne romanifolket. Men ein kunne også nemne forholda for psykisk sjuke og kriminelle. Og kyrkja har til dels støtta dette, til dels vore med på å gjere forskjell på folk i utøvinga av sine offentlege roller, når ein bestemte kven som skulle gravleggjast i vigsla jord, når ein rubriserte barn i kyrkjeboka som fødde innanfor eller utanfor ekteskap. Mykje er retta opp. Kyrkja - også Kyrkjemøtet - har teke eit oppgjer med ein del av det. Mange viktige endringar har skjedd sidan 1814, og fleire trengst.

Eit jubileum som dette er tid for takk og for ettertanke om korleis politiske og sosiale og økonomiske forhold og rettar heng saman, og korleis alt handlar om verdiar som ei Grunnlov skal verne om og gi eit felles uttrykk for.

Fri til å tale, tru og tene. Det er eit godt tema for Den norske kyrkja sitt bidrag til Grunnlovsjubileet. Det kan på eitt vis seiast om kyrkja sjølv. Dei største endringane i Grunnlova er vel dei som skjedde i 2012 då paragrafane som regulerte Den norske kyrkja sitt forhold til Staten vart endra. Vi synest å ha oppnådd at medlemene ser at det er same kyrkja, men med ei ny ordning. Der er godt å få rydde opp i noko. Ein diskusjon som har vart omlag 150 år, vart ført til endes. Grunnlova i 1814 var inspirert av det gryande store opplysningsprosjektet i moderne tid. Til det hørde slutten på tanken om at makta er gjeven Kongen av Guds nåde.

I 2012 er denne idehistoriske linja av det ein kan kalle sekulariseringa ført vidare. Staten styrer ikkje kyrkja, kyrkja bind ikkje staten. No er det gjort, om enn det er mykje arbeid att å gjere for å bli samde om gode ordningar som fordeler ansvar på beste måte og som får fram det eigenarta ved å vere ei folkekirkje i Jesu Kristi namn. Men det finn ein nok ut av.

Temaet opnar ikkje minst for å sjå framover, for å svare på eit endå større spørsmål, som eg oppfattar står på dagsordenen på dette Kyrkjemøtet i fleire saker: Kva skal Den norske kyrkja vere med sin nye status og sine nye ordningar, i dag og i morgen, 200 år etter Grunnlova vart til? Og svaret er altså: Fri til å tale, tru og tene.

Kyrkja høyrer heime i det offentlege ordskiftet om kva som er god, rett og sann fridom, kva som høyrer heime i eit fritt demokrati tufta på kristne og humanistiske verdiar. Difor må det også på eit Kyrkjemøte handle om stat, om samfunn og det enkelte menneske, korleis einkvar kan vere fri, til å tale, tru og tene, her og andre stader i verda. Dette er kome til uttrykk i mange viktige diskusjonar og vedtak frå Kyrkjemøtet, t.d. om Samefolkets plass i nasjonen, om vern om skaparverket, om kyrkja si forplikting til å delta i den verdsvide kyrkjefellesskapen og vårt felles misjonsoppdrag, og det skjer i viktige drøftingar av menneskerettar.

Er det noko ein kan og skal seie med stor tyngde og trykk ut frå Skrift og vedkjenning, er det at kyrkja skal setje menneske fri. Frie som tilgjevne syndarar. Frie til å leve i fellesskap der ein held saman og kan styrke kvarandre. Frie til å vere seg sjølve, til å møte dei utfordringane og vanskane livet byr på, til å prøve å finne ein veg framover.

Det er grunn til grave litt djupare i det kyrkjene har saman, for å finne denne vegen.

2. Frie pilgrimar på veg mot rettferd og fred

Når de har bede meg om å gje innspel til kyrkja sin refleksjon og bidrag ved eit slikt vegmerke for land og folk, finn eg det naturleg å spørre korleis temaet for dette jubileet heng saman med det som er formulert som visjonen for Kirkenes verdensråd dei neste åra: Å vere pilgrimar saman for rettferd og fred.

Å vere pilgrim, i konkret forstand eller i ånda, inneber nettopp å vere fri frå mykje som ein ikkje treng ha med seg. Då gjeld det å vere fri til å skilje stort og smått, til å fokusere på det

som verkeleg betyr noko. Paulus formulerer desse verdiane slik: «For Guds rike er ikkje mat og drikke, men rettferd, fred og glede i Den Heilage Ande» (Rom 14,17).

Å vere pilgrim er å vere på veg mot det heilage. Det kan skje gjennom reiser til heilage stader, der heilage kvinner og menn har levd, gjort eller sagt noko som har varig verdig og inspirasjon for komande slekter. Stundom er dei gravlagde der. Det kan skje ved at ein også vandrar gjennom natur og landskap, stader og byar. Der utfaldar livet seg, som Gud, den heilage, har skapt, synleg for den som er undervegs.

Å vere pilgrim på veg mot det heilage kan også vere å vere på veg mot forandring, endå til å ta oppgjer med seg sjølv, og spørre korleis ein kan leve eit liv som er sterkare uttrykk for det gode og heilage.

Korleis kan vi vere frie og frimodige kristne, på veg mot det heilage? Dette heng nøye saman. På leit etter det heilage søker ein det gode, det Gud vil, rettferd og fred. "Alltid freidig hvor du går veie Gud tør kjenne"... "Aldri redd for mørkets makt, stjernene vil lyse. med et fadervår i pakt, skal du aldri gyse." Aller tydelegast kjem det fram i Fadervår, bøna som bind alle kristne saman, kvar einaste dag, i alle land, generasjonar og konfesjonar. Den uttrykkjer kjerna i pilgrimslivet på veg mot det heilage: Lat namnet ditt helgast. Vi er på veg mot Guds rike, og ber om at det vert synleg nettopp her vi er, ved at det gode skjer: Lat riket ditt koma, lat viljen din ráde på jorda så som i himmelen. Gi oss det vi treng på den vegen, til neste etappe: vårt daglege brød. Og fri oss frå det som tyngjer oss, som heldt oss attende: Og tilgjev oss vår skuld, slik vi og tilgjev våre skuldnarar. Lat oss finne ein veg vi er i stand til å gå, med våre begrensningar: Og lat oss ikkje koma i freisting, men frels oss frå det vonde. Og perspektivet er tid og æve, i ærbødig tillit til Gud som er som ein mor og ei far for all sin skapning: For riket er ditt og makta og æra i all æve. Amen.

Når vi i økumeniske samlingar ber den bøna Jesus lært oss, seier vi ofte: La oss be på det språket vi først lært den. Morsmålet er ofte hjartespråket. Og bøn er fellesspråket for pilgrimar som lengtar og stundar etter den rettferd og fred Gud kan gje. Difor er tru og handling to sider av same sak.

Men det er ein annan dimensjon ved det heilage som vi ikkje skal sjå bort frå når vi spør kvar vi er på veg. Vi kan kome til å spore av om vi i vår frie søken etter det heilage, blir for fokusert på historie og stader. Eller når vi søker det heilage livet kan vi bli for fokusert på oss sjølve, det mislukka eller det vellukka. Matteus-evangeliet viser at Jesu kall til å følgje han som disippel på hans pilgrimsveg, ikkje berre var å vere med Jesus mot Jerusalem. Det var også å vere viljug til å vere med Jesus og møte det heilage endå til i tragedien, ein tragedie dei sjølve vart ein del av.

Kristen teologi har alltid vore og vil alltid vere ein krossteologi, som viser oss Gud som tar kampen med synd, løgn, maktmisbruk og urettferd heilt til det ytterste, til den mest vanærande død. Det er i den krossfeste sitt ansikt vi også ser det mest heilage i denne verda: Gud som lir for verdas synd og skuld, for å frigjere oss frå denne makta og denne lagnaden, i fullstendig solidaritet med dei som er offer og lir urett.

Vegen vidare går gjennom døden, til ei opa grav, men så - tilbake til Galilea, og med eitt klart bod: Gå ut! Der er vegen for dei som følgjer Kristus.

Gud er hjå dei som er sjuke, i fengsel eller svoltne og tørste. Jesus seier jo at det er der vi vil finne han, ofte utan at vi skjønar det (Matt 25). Det er eit uvanleg, og nesten utruleg Gudsibile som vert formidla i den krossfesta og oppstandne.

Det er i den andre sitt lidande ansikt at vi møter det heilage, seier den jødiske filosofen Levinas.

Difor må pilgrimar for rettferd og fred alltid vere på veg til heilt andre stader enn dei mange vil tru er verdt å besøkje. Sannsynlegvis er det svært nær deg. Overalt er det menneske som strevar med livet, med seg sjølv, med urett, med sjukdom, med einsemd,

Det inneber å spørre etter ein veg framåt, som pilgrimar, audmjukt og med tillit, med vilje til oppgjer og endring.

Vi spør ikkje ut i lufta. Vi spør inn i ei konkret norsk historie og konkrete utfordringar i norsk samfunnsliv og kyrkjeliv i dag og i morgen. De drøftar fleire av dei på dette møtet. Vi spør inn i eit samfunn som har vorte sekularisert, både formelt i skiljet mellom religion og stat, og med færre og kanskje meir utslede uttrykk for at kyrkja si Gudstru pregar det mange tenkjer og gjer. Vi spør inn i ei verd der menneske er alt vorte nøydde til ufriviljug å forlate det dei har på grunn av klimaendringane. Vi talar inn i eit samfunn og ei verd med brotne relasjonar og uvisse om framtida. Vi spør inn i ei verd der fødde og ufødde liv er truga. Vi spør inn i ei verd der menn og kvinner, vaksne og barn, ofte ikkje har like rettar. Vi spør som del av eit verdsvidt og økumenisk fellesskap av kyrkjer, eit fellesskap i tru og liv.

I KV sitt siste dokument om misjon «Saman mot livet», tek ein nettopp opp korleis misjon ikkje er berre ei rørsle frå sentrum til utkanten og til dei marginaliserte, men vel så mykje misjon frå det marginale og ved dei marginaliserte. Realitetane er jo ofte også at trua på både Gud og fridom kan vere vel så sterkt mellom dei som kan kallast «marginaliserte». Dette perspektivet er difor både teologisk og strategisk nødvendig.

Paven har uttrykt det ved sitt pavenamn Frans, og i det han seier i talar og det vi snakka om då vi møttest nyleg: Vi må ut, vi må gå ut, der menneske er, der livet er. Det er der Kristus er. Og vi har det beste å gå med. Han tykte dette fokuset på pilgrimslivet for rettferd og fred var ein god ide. Vi har «evangeliets glede», som han kalte sitt viktige skrift i fjar. Fridom og glede høyrer saman.

(Eg høyrde nettopp at den nye direktøren for Verdensbanken ville ha dette økumeniske slagordet «a preferential option for the poor» som hovudperspektiv på deira arbeid dei neste åra, og ha eit sterkt samarbeid med trusbaserte organisasjonar for å skape forståing for nettopp det. Eg skal møte han i juni for å drøfte kva KV kan bidra med i så måte).

3. Fri i trua på Gud

Det er rett og rimeleg at Den norske kyrkja stoppar opp ved dette høvet og spør korleis vi no skal bruke vår fridom til å bidra til fridom. Korleis kan vi tale om fridom utan å verte overfladiske, libertinistiske? Kan trua på Gud i eit sekularisert Noreg, eller endå til i ein etter-sekulær fase, bety noko for vår og andre sin fridom?

Det som skjedde i 1814 var ei krise, og starten på ei endring. Krisa var også ei tillitskrise. Preika av slottsprest Pavel i Akershus slottskyrkje 25. februar 1814, som er publisert i samband med jubileet, ber sterkt preg av det. Den danske konge, som var øverste styresmakt for Noreg, hadde ikkje berre havna på den tapande side i ein krig Noreg ikkje

deltok i, men også gjeve bort Noreg til den svenske kongen som del av fredsslutninga. Sverige var det einaste landet Noreg hadde vore i krig med dei siste hundreåra.

I denne tillitskrisa oppstår det behov for å skape ein ny tillit, bygd på ei eit fellesskap som ville ta ansvar saman. Dette var tid for å skape ei ny plattform, og særleg ein del lekfolk fann nye tankar om fridom, brorskap og likskap i amerikanske og europeiske samtidsdokument.

Det var mange stader ikkje andre eigna hus og samlingsplassar enn kyrkja for å gjennomføre valet til riksforsamlinga, og det var ein tilit til at det som skjedde i kyrkja var offentleg og etterretteleg.

Men kyrkja hadde også eit anna bidrag til fridom og tillit. Det kjem til uttrykk i den spesiell preikteksten som var vald for gudstenesta den dagen dette valet skulle haldast, den 25. februar. Salme 62, 8-9: «Mi tilflukt er hos Gud. Lit alltid på han, de folk, aus ut dykkar hjarte for han! Gud er vår tilflukt.»

Denne teksten er ein kjær og sterkt tekst for mange, og kan vere god å lese i mange slags livsfasar. Tilliten til Gud er trua si kjerne. Og er det noko eg har lært mykje om i møte med kristne menneske i svært ulike kontekstar, så er det kva det betyr å be saman og for kvarandre, og ikkje minst få «ause ut» for Gud det som fyller hjarta. Kvar for seg - og ikkje minst saman.

Teksten frå Salme 62 startar med orda «Berre hos Gud er eg stille, frå han kjem mi frelse». Og det heldt fram slik: «Berre hos Gud». Dette er truas ekko til det fyrste bodet: Du skal ikkje ha andre Gudar enn meg. For som det heiter i innleiinga til bodet i 5 Mos 5,6: "Eg er Herren din Gud som førte deg ut frå Egypt, ut frå slavehuset." Det fyrste bodet er eit bod som skal frigjere oss frå å måtte ha andre gudar, andre herrar, frå å vere under andre makter.

Eit av dei viktigaste skriftene i Bibelen for å utmeisle vår forståing av den kristne fridomen, som ein fridom i fellesskap, er Paulus sitt brev til romarane. Det er ein gjennomgåande og djuptgripande teologisk refleksjon for å svare på konkrete livsspørsmål. Det kjem fram om ein les brevet som heilskap. Dei fyrste og dei siste delane viser godt kva Paulus vil ha fram. Då ser ein at han svarar på kvifor og korleis menneske som er djupt ulike, i dette tilfellet ulike Kristustruande, jødar og «heidningar», kan vere frie til å akseptere seg sjølve og kvarandre, og godta at noko kan vere ulikt. Her talar ein ikkje om ulik smak og menyar, men ulike tradisjonar og dermed overbevisning om kva som er rett og gale, heilagt og uheilagt, i spørsmål som er viktige for begge partar. Det er mogeleg om ein vert frie til å fokusere på det som verkeleg er innhaldet i Guds rike, og frie til å la omsynet til den andre vege tungt: «For Guds rike er ikkje mat og drikke, men rettferd, fred og glede i Den Heilage Ande» (14, 17).

Eit anna uttrykk som også samlar opp tankegangen i brevet, er eitt av mine favorittvers i heile Bibelen: «Ta difor imot kvarandre som Kristus tok i mot dykk, til Guds ære» (15,7). Det handlar om korleis vi kan være Gud ved å vere frie i eit inkluderande fellesskap.

Då er det nødvendig å finne ut kva prinsipp, kva lov, vi kunne seie grunnlov, som kan gjere menneske fri. «Så er det då inga fordøming for dei som er i Kristus Jesus. For Andens lov som gjev liv, har i Kristus gjort deg fri frå lova til synda og døden. Det som var umogeleg for lova, sidan ho sto makteslaus fordi vi er av kjøt og blod, det gjorde Gud.» (8,1-3). For å kome dit, startar Paulus nettopp resonnementet i Gud, og i det fyrste budet (kap 1 og 2).

Lesarane har alle kome til kort overfor dette og i praksis kome til å dyrke andre gudar. Dei gjer «slik som ikkje søker seg, allslags urett, umoral og lyst til å eiga meir, vondskap» og det er ei lang liste - inkludert at dei er «hovmodige og skrytande» (1,28ff). Slik vert dei alle inkluderte i same biletet: «Difor har du ikkje noko å unnskylda deg med, du menneske som dørmer, kven du så er.» (2.1) Alle står utan ære overfor Gud. Heller ikkje overfor kvarandre er det noko å vere hovmodig for.

På den bakgrunnen kan Paulus vise at fridomen ligg i at Gud er Gud, og at det er berre Gud som er Gud. Det er berre Gud som dørmer. Og det er berre Gud som kan frigjere gjennom Kristus. Fridomen kyrkja formidlar er frigjeringa menneske kan ha om vi i tillit til Gud fylgjer det fyrste bodet og let Gud vere Gud. Dette bodet kan oppfyllast i tru på at det er Gud som møter oss i Kristus Jesus. Kristus oppfylte det fyrste bodet, og var viljig til å overgje alt til Gud, til å gje alt i kamp mot urettferd, løgn, undertrykking, synd og død.
«Men ufortente og av hans nåde blir dei kjende rettferdige, frikjøpte i Kristus Jesus» (3,24)
I Kristus kan ein verte fri til å tru på Guds lovnader, slik som Abraham gjorde. Det er i tru på Gud som reiste Kristus opp frå dei døde - fri frå dødens oppslukande makt (4,24). Vi kan verte fri frå vår felles arv til å vere bunden av synd, ein arv vi har frå det fyrste menneske (kap 5), frigjorde frå synda til å tene rettferda, frie frå lovas krav og frie til å tene kvarandre (kap 6, 7 og 8). Vi kan verte frie til å la livet vere eit heilagt offer for Gud, frie til å leve annleis, frie til å bli omskapte ved å få eit nytt sinn, frie til å bidra til rettferd og fred i samfunnet - endå til gjennom å betale skatt. Difor frie til å la vere å døme andre (kap 14) om dei gjer noko anna enn ein sjølv, frie til å vere sterkt ved å ikkje bruke sin styrke mot den andre. Det handlar endå til om å vere frie til å vise økonomisk solidaritet med andre (15).

Heile resonnementet startar altså i det fyrste bodet. Ein må la Gud vere Gud. Og det neste store poeng er at difor står vi likt, for «Gud gjer ikkje forskjell på folk» (2,11). Vi er forskjellige, men vi skal ikkje gjøre forskjell på folk. Alle treng å bli sett med Guds auge. Vi er skapte i Guds bilet, vi kan bli gitt Guds rettferd. Det, og ikkje det vi har fått til eller ikkje, eller kven vi er til forskjell frå andre, definerer vårt verd.

Eit fellesskap som verkeleg talar og trur evangeliet er frigjerande. Vi treng ikkje andre gudar, vi treng ikkje andre frelsarar, vi treng ikkje vere hovmodige eller smålege overfor kvarandre, vi treng ikkje skule på ulikskap og la usemje få det siste ordet om vårt fellesskap. Overfor Gud er vi alle like. Det er grunn til å vere audmjuk på eigne vegner og frimodig på vegne av det fellesskapet, det frigjerande fellesskapet som vi - ja, nettopp: tilhører. Å høyre til Kristus, å høyre til i eit fellesskap som ikkje er bygd på kva vi får til og våre oppfatningar eller domar om oss sjølv og om andre, er frigjerande for oss og for vår haldning til andre menneske. For ein kan ikkje gjøre skilnad på folk om ein trur på vår frelsar, Jesus Kristus. Gud gjer ikkje det. Difor kan vi følgje Kristus, «som vart ein tenar (diakonos) for dei omskorne for å vise at Gud talar sant, og for å stadfeste dei lovnadane fedrane fekk, men og for at heidningefoka skal prisa Gud for hans miskunn» (15,8-9).

Den kristne fridomen er til for livet med andre, for å være Gud.

Dersom Den norske kyrkja framstår som tolerante og inkluderande fellesskap, sette fri av Guds nåde i Kristus, fri til å søkje Guds vilje, fri til å vere seg sjølve og til å tene andre, så er det til Guds ære.

Dersom det økumeniske fellesskapet, lokalt, nasjonalt eller internasjonalt, utfaldar det som foreinar oss i Kristus, og skaper rom for det som er annleis hjå kvarandre, så er det til Guds ære.

Dei fire nøkkelorda i Den norske kyrkja sin visjon: Open, vedkjennande, misjonerende og tenande hører difor på det nærmeste saman, og må forståast saman. Kanskje utdjupinga av «vedkjennande» skulle seie noko om å ære Gud saman?

4. Fridom til å tale og tru ulike stader i verda

Eg er både audmjuk og stolt når eg tenkjer på korleis Den norske kyrkja med ulike aktørar og organisasjonar har talt og handla for andre sin fridom. Kirkenes verdensråd har både blitt styrka av desse bidraga og vore ein inspirasjon for det som har skjedd i Noreg. Den norske kyrkja har på mange måtar og på ulike tider vist at ho var og er fri til å tale, tru og tene folk og land. I dei seinare år har mykje skjedd gjennom deltaking i internasjonale, økumeniske organisasjonar, og samarbeid med andre kyrkjer og aktørar. Noko har også skjedd i samarbeid med representantar for andre religionar. Det syner seg å vere både stadig meir relevant og viktig, om enn krevjande.

Kyrkja er ein del av det offentlege ordskiftet, der haldningar og oppfatningar vert danna. Der har kyrkja si kommunikative kraft - og makt, for den saks skuld. Den må nyttast nettopp for å arbeide for fridom ved å ta opp både grunnleggjande og aktuelle spørsmål om rettferd og fred.

Diverre ser ein at grunnleggjande menneskerettar ikkje er ei felles platform for alle statar og nasjonar sitt lovverk og praksis. Fridom til å tale og tru er slettes ikkje til stades i mange land, og ikkje minst kristne, men også mange andre religiøse grupper, opplever det. Det er dramatisk, stundom talar ein med rette om forfølging. Stundom er det ein del av eit større konfliktbilete, der religion er eitt av fleire element.

Eg har fått enorm respekt for korleis mange einskilde kristne og kyrkjer finn måtar å takle deira reelle ufridom på. Dei må både tale si sak, og tenke på korleis dei gjer det slik at dei ikkje riv tryggleik og livsgrunnlag vekk under seg og sine. Ein representerer eit evangelium og eit fellesskap som kan skape eit fritt rom, både på det ytre og indre plan.

Kva kan eit internasjonalt kyrkjeleg fellesskap gjere i møte med forbrukarsamfunnets krav og dynamikk, i møte med urettferdig fordeling og store økonomiske skilnader? Eg fekk spørsmålet frå tyske teologar og kyrkjeleiarar i ein debatt nyleg, der vi drøfta kva vi meiner med «rettferdig vekst». Vi vart samde om at kyrkja skal - der ho er, lokalt, nasjonalt, internasjonalt - setje menneske fri til å tru på Gud, til å halde det første bodet, til å ikkje ha andre gudar, og på den måten vere fri til å tene Gud og menneske, og slik halde alle dei ti boda.

Dei siste månadane har verdas yngste stat, Sør-Sudan, opplevd å miste mykje av sin fridom, etter å ha kjempa seg til fred. Ikkje minst støtta av Noreg og norske organisasjonar. Dei har fått sjølvstende, men har no opplevd at dei manglar internt gjensidig tilit, dei manglar no fridom frå vald og frykt. Forferdelege scener frå drap og massakrar har blitt omtalt. I dette er kyrkjene og kyrkjeleiarane mellom dei få som har klart å behalde ein fridom til å sjå bak konflikten og tale interessene for heile nasjonen. Saman med mellom anna Kirkens Nødhjelp og vi i KV prøvd å samle kyrkjeleiarar og bidra til at dei har ein reell plass ved forhandlingsbordet i Addis Abeba desse dagane, og der kan tale med tydelege, men konstruktive ord på vegne av alle folkegrupper i nasjonen om ei felles framtid med fred, fridom og håp. Det er vårt kall å fortsette å be og arbeide for folket og

kyrkjene i Sør-Sudan i denne tida, også når media har gløymt kva som skjer der. Eg vil spesielt minne oss på å hugse i bøn vår eigen Hilde Frafjord Johnsen, som leier FN sine svært krevjande operasjonar der.

I Pakistan slit både kristne og muslimar med at det er lover mot blasfemi som forgiftar relasjonane mellom menneske, då dei kan nyttast til å angi andre og skape ulevelege situasjonar for enkelpersonar og familiene deira. Religiøse ekstreme grupper undergrev i fleire land med sine valdshandlingar eit fredeleg liv med fridom og rettferd, både for kristne og andre. I nokre land er det lover eller offentleg praksis som gir begrensa religionsfridom. Det er viktig å tale mot dette, men også å gjere det på måtar som ikkje gjer situasjonen endå meir tilspissa og vanskeleg for dei det gjeld mest. Å halde fram med å vere kyrkje, å vere til stades i solidaritet med sine, er ofte den sterkeste tale. Stundom har eg også sett uttrykk for ein indre fridom i slike situasjonar som har forundra og inspirert meg.

I desember besøkte eg kyrkjene i Sør-Afrika i samband med minneseremoniane etter president Nelson Mandela. Dei ville gjerne at det internasjonale kyrkjefellesskapet skulle vere synleg til stades ved dette høvet. Det var med audmuk og stoltheit eg såleis representerte også Den norske kyrkja og den norske innsatsen for å overvinne apartheid-systemet og regimet. Kyrkjene hadde ved dette høvet oppgåver i å yte pastoral støtte og hjelp til familien, og til eit sørkjønne folk, og eg vart beden om å delta på ei av dei daglege kveldsbønene dei organiserte i Mandela sin heim. Det enorme perspektivet «The long walk to freedom» vart på ein forunderleg måte kopla saman med det heilt nære og menneskelege i kyrkja si rolle ved enden av livsvegen.

Det var viktig for KV og medlemskyrkjene å stå saman med han og dei sørafrikanarane som kjempa mot rasediskrimineringsstyret. Men kyrkjene vart utfordra på kva det vil seie å stå for dei heilt grunnleggjande verdiane vi sjølv hevdar å ha - om likeverd og grunnleggjande menneskerettar.

Mandela kom sjølv og takka for støtta, også til kyrkjene i Noreg i samband med fredsprisutdelinga i 1993, og mellom anna på generalforsamlinga for KV i Harare i 1998. Etter sin død utfordrar hans livsverk framleis. Er vi viljuge til å gå ein veg til fridom - ikkje minst for andre - sjølv om den måtte bli lang? Er vi viljuge til å gjere det med dei verdiane fred og rettferd inneber? Knapt nokon har betre enn han formulert og vist med sine sterke haldningars i sin praksis at rettferd kan vinnast med middel som også kan skape fred. Og han med fleire har vist at den kristne bodskapen om tilgjeving faktisk er frigjorande og kan skape noko nytt for alle.

Vi er ikkje åleine om kallet til å vere frie til å tale, tru og tene. Det kan vere godt også for oss å sjå det. Vi tilhører eit fellesskap som kan gi oss rette perspektiv og proporsjonar i det vi tek opp.

5. Fri til å tale for andre sine rettar: Menneskerettane og Grunnlova

Det internasjonale samfunn har utvikla og etbalert begrepet «menneskerettar», og formulert dei i konvensjonar og traktatar. Dette har ikkje minst skjedd etter dei store krigar, folkemord og urett mot folkegrupper som ramma så mange uskuldige i det 20. hundreåret. Korleis skal ein forhindre at noko slikt skjer igjen? Kirkenes Verdensråd med sine organ og personar har vore med i utformingane av nokre av desse viktige paragrafane. Og vi er involverte dagleg i korleis desse rettane skal verte reelle, for menneske i ulike livssituasjonar og delar av verda i dag.

Vi ser derre også at det er ikkje gitt at alle oppfattar dette som verkeleg universelle rettar, vi ser at statar ikkje tar ansvar for å verne om rettane for alle sine borgarar. Og ein ser endå til at religion kan nyttast som argument for å halde desse prinsippa unna det som statar skal blande seg inn i, og la t.d. familien eller religiøst fellesskap bestemme kva rettar t.d. kvinner og barn skal ha. Menneskerettar som uttrykk for grunnleggjande kristne verdiar må vi som kyrkjefellesskap igjen arbeide meir med, både i dialog mellom medlemskyrkjer og i møte med religiøse dialogpartnarar. Vi arbeider no med korleis KV kan gjere dette til eit satsingsområde i den komande periode. Til dette er Den norske kyrkja og andre organisasjonar i Noreg sine bidrag av stor verdi.

Menneskerettar og menneskeverd er ikkje berre relevante problemstilingar i Den norske kyrkja sitt engasjement i andre land. Det er også grunnlaget for lover og kriterier for beslutningar i vårt eige land. Mellomkyrkjeleg råds menneskerettsutval har utarbeidd ei svært grundig, reflektert og aktuell gjennomtenkning av mange av desse spørsmål i ein rapport i ei sak til dette kyrkjemøtet. Det vil vere eit svært nytig dokument for mange andre når det føreligg i engelsk omsetjing. De kan ha grunn til å vere stolte av at de har eit så viktig temafelt for menneske her og elles i verda på dagsordenen for Kyrkjemøtet nettopp i 2014. Det gjeld både å samle seg om verdiane bak menneskerettane og finne konkrete uttrykk for dei i lover og ordningar, og å ha ansvarlege drøftingar av korleis ein skal forstå ulike rettar i høve til kvarandre. Men dokumentet får også godt fram at kyrkja både skal fremme rettar og vere med på å bere ansvaret, pliktene, vi og alle har. Og kyrkja sitt kall til å tene i kjærleik går vidare enn noko menneskerettar kan definere.

Det står i den nye paragraf 2 i Grunnlova at statens verdier framleis byggjer på vår humanistiske og kristne arv. Det står også at Grunnlova byggjer på menneskerettane.

Utvalet som var oppnemnt av Stortingets presidentskap for å sjå på nettopp denne problemstillinga, leia og sidan oppkalla etter no avdøde Inge Lønning, kom med omfattande forslag til korleis Grunnlova skal seie kva menneskerettane faktisk er. Det er bra at vi seier at Noreg har forplikta seg på dei. Slik sett vil ikkje forslaget endre rettstilstanden i Noreg, men det viser korleis ein kan gjere det synleg og tydeleg kva for verdiar vi ha. Dette forslaget står på dagsordenen i Stortinget dei nærmaste vekene, og vil vere viktig for korleis Noreg no uttrykkjer sine felles verdiar i sjølve Grunnlova.

Generelt er det både relevant og viktig at kyrkja engasjerere seg i kva som er dei berande prinsipp og uttrykk i ei Grunnlov. Men det er ikkje minst to sider ved denne tematikken som skulle begrunne at Kyrkjemøtet ved eit høve som dette jubileet engasjerer seg i saka. For det fyrste er det eit unikt høve til å seie at dei verdiane som kjem til uttrykk i menneskerettane faktisk er dei verdiar vi med rette kan og skal identifisere som ein kristen og humanistisk arv. Dette er eit utmerka utgangspunkt for å gje dei nye uttrykka «kristen og humanistisk» i Grunnlova ei forståeleg meinings og eit tydelegare innhald i same grunnlovsteksten.

For det andre er det ei god sak for kyrkja å støtte at ein Grunnlovstekst som skal vere ein referanse for alle innbyggjarar og aktørar i det demokratiske Noreg, faktisk konkretiserer meir kva det vil seie å tale om fridom og like rettar for alle. Det gjeld fridom til å tale, tru og meine, altså alle politiske og religiøse rettar. Men det er også sterke uttrykk for økonomiske og sosiale rettar som er nødvendige for gode livsvilkår, skulegang og deltaking i arbeidslivet. Det er rettar som gjer at det er reell meinings å snakke om felles demokratiske målsetjingar som likskap, om rettferd, om fred, i eit samfunn som tek ansvar for alle sine innbyggjarar.

Det kunne vere eit viktig uttrykk for kyrkja sin bruk av fridomen til å tale, tru og tene at ein no legg vekt også på desse endringane, slik som ein gjorde for grunnlovsendringane for kyrkja sin eigen status. Det er kyrkja si oppgåve å tale for dei rettar som tener alle menneske. No er det ein historisk sjanse til å støtte at vår felles Grunnlov skal uttrykkje heilskapen og substansen i menneskerettane for alle menneske som er i Noreg. Det er tale om å sikre at det vernet menneskerettane skal gje også innan norsk lov, verkeleg er eit sikkert og haldbart vern for dei som treng det, og ikkje berre sikra av lover som kan endrast når som helst.

6. Fri til å tale, tru og tene: Folkekyrkja sine oppgåver frå dag til dag

Til slutt: Temaet for kyrkja sitt engasjement i dette grunnlovsjubileet peikar rett mot samanhengen i visjonsdokumentet for Den norske kyrkja, og mot dei konkrete oppgåvene kyrkja skal arbeide med, lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Men eit jubileum som dette gjev eit godt høve til å tenkje over kva det nye ordet i Grunnlova, «folkekyrkje», skal innebere, teologisk, strategisk, og, ja, la oss seie: Folkeleg.

Svaret på spørsmåla vi drøftar må finnast nettopp i dei daglege oppgåvene kyrka utfører, i forkynning og sakramentsforvaltning, i gudstenester, gravferder, i diakonalt nærver og innsats, i trusopplæring, i forbøn og sjelesorg, i musikk og andre kulturuttrykk, i sorg og fest, i organisatorisk arbeid i rådsorgan og i daglege tenester og embetsoppgåver, i å tale andre si sak og å gje bidrag til det offentlege ordskifte, i alt det som uttrykkjer kyrkja sine oppgåver og eigenart som institusjon og som fellesskap. Det er i alt dette menneske kan finne sin veg til fridom og frimod, til fellesskap og framtid. Det er i den konkrete formidling av evangeliet at det får form og mening, blir mitt og ditt, slik at vi kan bidra som enkeltmenneske og fellesskap inn i nasjonen og verdas liv.

Og min observasjon og mi tru er at det er jo det som faktisk skjer. Vi må ikkje underslå kor viktig det jamne arbeidet i kyrkja er. Og kven har sagt at det skal vere enkelt? Ofte er det krevjande vi gjer også det viktigaste.

Alt det vi seier om kyrkja i truedkjenningsa er frigjerande i rett forstand. Vi er òei, heilag, allmenn og apostolisk kyrkje. Vi er fellesskapet om dei heilage handlingar og av dei heilage som formidlar forlating for syndene og vona om det evige liv. Vi tilhøyrer det heile, verdsvide fellesskap som deler den felles kristne tradisjonen gjennom tidene, men som også er eitt fellesskap her og no, der vi er. Vi har ikkje funne opp kyrkja, ho er ei gåve til oss og til det folkefelleskap og det fellesskap av ulike folk vi tilhøyrer, i Noreg og internasjonalt. Vi er apostolske, i den forstand at vi byggjer på oppdraget og fridomsarven frå apostlane. Vi er sende ut, av Jesus sjølv, til dei som treng det frigjerande evangeliet, på veg mot Guds rike med si rettferd, fred og glede.

Får Kristus frigjort oss, kan vi gå vidare frå ein slik milepæl som dette jubileet med større frimod. Dersom vi kan bli frigjorde til å vere oss sjølve, utan å vere oss sjølve nok, kan vi verkeleg vere ei fri folkekyrkje i Noreg.

Frie til å tale, tru og tene. Til Guds ære.